

Sørfjordspringaren Historie og tradisjonslinjer

Magne Velure



Magne Velure og Berit Skeie dansar springar i lagdans på Landskappleiken 2019 i Vågå. Foto: Runhild Heggem

Innleiing

Sidan midten av 1950-talet har eg møtt både bygdedans og valsaspel (gamaldans) i Hardanger-bygdene. Eg har hatt ulike roller og dermed også ulike perspektiv på dans og dansing. Fram til 1966 var eg primært utøvar og delvis instruktør. 1966 representerer eit skifte. Då møtte eg Egil Bakka, og me vart eit lite radarpar når det galdt innsamling og analyse av folkeleg dans. Egil Bakka fekk midlar til å starta eit prosjekt i 1967 for å filma folkeleg dans, og eg vart medhjelpar i prosjektet.¹ Frå den tida var tilnærminga mi til dansen prega av ynsket om å analysera og forstå dei danseformene me fann på bygdene. Slik sett har eg vore – og er – både utøvar, innsamlar og analytikar.

Målet for innsamlinga i 1967 var å dokumentera dans der utøvarane i hovudsak hadde lært dans på «gamlemåten», dvs. ikkje på kurs i ungdomslag eller folkedansrørsla. Det var snakk

¹ Dette vart starten for det som frå 1973 utvikla seg til Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

om personar som hadde lært ved å dansa med andre og herma etter det dei såg på dansegolvet. Både Egil og eg hadde observert at det var skilnad på den dansen me såg på vanlege dansefestar og det me kunne observera på kappleikar og i leikarringar. Me ville då dokumentera og prøva å forstå kva som kjenneteiknar den folkelege dansen.

Det var ikkje heilt tilfeldig at me starta innsamlinga i Hardanger. Sidan tidleg 1960-tal hadde eg vore aktiv i folkedansmiljøet i Hardanger ungdomslag og ikkje minst på Øystese statsrealskule og gymnas. Dermed hadde eg oversyn over dansemiljøa i Hardanger. I tillegg var det eit praktisk element: me kunne låna bil av far, (Jon Velure 1915-2001), som var god dansar og spelemann og visste ein god del om kven som var gode dansarar rundt om i bygdene.

Innsamlingsmetoden var enkel. Me tok kontakt med personar rundt om i bygdene, fekk dei til å koma til eit lokalt ungdomshus eller ein skule og filma når dei dansa, anten solo eller i grupper. Me filma både springar, rudl, nokre turdansar og vanleg gamaldans. Mange av dansarane intervjuar me, m.a. for å få vita korleis dei hadde lært å dansa. Til saman er det 49 opptak av springarar i Hardanger i 1967.

Filmopptaka vart gjorde i super-8- format, dvs. utan lyd. Musikken til dansane tok me opp på ein Tandberg bandspelar. Det er mogeleg å synkronisera dans og lyd no i ettertid, om enn med ein del utfordringar.

Innsamlinga var pionerarbeid og fekk etter måten god publisitet. NRK Bergen sende eit 10 min intervju med begge 22. mars 1967. Deretter var det meldingar i mange aviser på Vestlandet våren 1967 om to unge studentar som skal samla og filma gamle dansar. I Hardanger Folkeblad 25.04.1967 står følgjande tittel: "Sørfjordspringaren viser at gamal dans kan få nytt liv". I Haugesunds Avis 13.09.1967 står følgjande: "Harding og ryfylking har samla dansesteg i sommar. Har funne 20 avartar av springar."

Harding og ryfylking har samla dansesteg i sommar

Har funne 20 avartar av springar

Haugesunds Avis hadde i ein del av opplaget i går ei lengre melding om to unge studentar som i sommar har farta rundt på samlarferd.

Det er stud. mag. **Egil Bakka** frå Sauda og stud. philol. Magne Velure frå Ullensvang, og dei har vore på jakt etter dei ulike dansesteiga kringom våre bygdelag. Både desse ungdommane er interesserte og dugande folkedansarar. **Egil Bakka** er såleis rådgjevar i Hordaland Ungdomslag, og han har halde mange leikleiarsskeid. Magne Velure er formann i det aktive og livsfriske bygdedansarlaget i Bjørgvin, eit lag som har gjort mykje for å samla ungdomen om folkedansen.

Dei to dansesteggranskarane tok opp dansane på film, og i tillegg skreiv dei opp dansemåten og alt

anna som måtte interessere. Dei har vitja ei rad Hardangerbygder, og likeeins Voss og Etne. Neste år står Sogn og Fjordane for tur.

Samlarferda går for seg på den måten at dei to samlarane reiser frå grend til grend, og spør seg fram til folk som kan bidra med råd og vink. Nett på same måten som Ivar Aasen for ca. 100 år sidan tråva kringom, då han samla dei norske bygdemåla.

Dei to studentane har i sommar funne omlag 20 avarter av springar. Dei to unge entusiastane har fått pengestønning til tiltaket sitt frå m.a. Norsk Kulturfond, Bondeungdomslaget Ervingen, Bygdedanslaget i Bjørgvin, Bygdelagsnemnda i Bergen og frå Arne Bjørndals Fond for Norsk Folke- musikk.

Faksimile av Haugesunds Avis 13.09.1967

Allereie hausten 1967 brukte Egil Bakka og eg det innsamla materialet i kurs i Bergen saman med Wigdis Espeland (1944-) og Helga Teigland (1947-). Kurset vart litt kryptisk annonsert som «Kurs i gamle dansar», og omfatta gamaldansar som hamborgar, masurkavarianten «polka med støyt» i tillegg til vals og reinlendar.

Egil Bakka og Senter for folkemusikk og folkedans gjennomførte ei ny filmingsøkt i 1982 i samarbeid med Hordaland folkemusikklag som hadde eit omfattande innsamlings- og kursprosjekt i Hordaland fylke. Initiativtakar var Aud Laingen Hamre (1946-). Ho ordna med kontakt med tradisjonsberarar og var med på fleire av dei intervjuane som vart gjennomførde. Sjølv filminga for hardangerbygdene vart gjennomført i ungdomshuset på Sekse i oktober 1982. Spelemenn var Knut Hamre (1952-), Lars Velure (1901-1992) og Håvard Kvandal (1910-2005). Dansarane kom frå Odda, Ullensvang, Granvin og Ulvik.

Ein del av dansarane frå 1967 var òg med i 1982. Slik kan ein samanlikna danseformer og dansemåtar med 15 års mellomrom. (jf. Mæland m. fl. 2024).

Egil Bakka sjølv analyserte ein del av det innsamla Hardanger-materialet frå 1967 i magistergradsavhandlinga si (Bakka 1973; jf. også Bakka m. fl. 1988). Artikkelen min utvidar perspektivet for arbeidet Bakka gjorde den gongen, då han konsentrerte seg om dei konkrete danseformene.

Eg ser nærare på rammene for dans i Hardanger-bygdene på 1900-talet i den perioden då heimelspersonane våre i 1967 og 1982 var ungdomar og lærte å dansa. På den måten vert innsamlinga i 1967 og 1982 sett inn i ein større samanheng. I tillegg teiknar artikkelen opp eit

kontekstuellet bakteppe for den detaljanalysen som er utført på det innsamla filmmaterialet frå Sjørfjorden (Mæland m. fl.).

Nemningsbruk: springar, spring og sjørfjordspringar²

For å sjå korleis nemningsbruk om springar/springdans har vore, har eg gått gjennom lokalaviser frå Hardanger i Nasjonalbiblioteket. Der dominerer 'springar' som nemning i omtaler og annonser i lokalavisene i Odda og Sjørfjorden. Då det i 1915 vart tillyst kappdans i ungdomshallen i Odda, var nemninga 'springar' brukt. I 1920 finn me ei annonse for kurs i «springdans», jf. omtala av fru Hølmo-Hansen nedanfor.

'Sjørfjordspringar' dukkar opp i samband med Landskappleiken 1947 på Voss og ein kappleik i Hallingdal same året. I eit kort filminnslag frå Landskappleiken ser ein Sjur Varberg (1926-2011) frå Eidfjord dansa lausdans og starten på samdandsdelen. På 1950-talet er Sjur Varberg fleire gonger nemnd i samband med sjørfjordspringar. I tillegg var han kjend som god lausdansar. I samband med Hardangerstemna i Odda i 1959 vert det referert at eit barnepar hadde vist fram «Sjørfjord-springar»,³ og på Landskappleiken i Odda i 1962 deltek Karl Mæland (1930-2011) og Gunvor Skare med sjørfjordspringar. I intervjuet frå 1967 nemnde Jakob Botnen (1890-1979)⁴ spesielt Sjur Varberg i tilknytning til 'sjørfjordspringar'.⁵

Interessant er at nemninga 'hardingspringar' dukkar opp på 1920-talet og på ein kappleik i Hallingdal i 1947, dansa av eit par frå Kvam. Det er likevel ikkje ei nemning som har gjort seg gjeldande. Jakob Botnen brukte nemninga 'kvammaspringar' om ein enkel springarvariant som vart brukt i Botnen då han vaks opp. I intervjuet med dansarar i Sjørfjorden og Hardanger i 1967, brukte somme av intervjupersonane nemninga 'spring', 'springjen', m.a. Halldor Hauso (1899-1974)⁶ og Jakob Botnen⁷. Spelemannen Jon Velure (1915-2001), snakka også om «å dansa spring». Me finn nemninga òg på Voss, i folkeminnebøkene til Knut Bjørgaas, der han skriv om «rudl og spring» (Bjørgaas 1943). Det er likevel 'springar'-nemninga som har vorte einerådande.⁸

² Det er gjort systematisk analyse av lokalaviser i Hardanger frå slutten av 1880-talet og utover. Dansenemningane finn ein i omtale av diverse festsamkomer og i annonsar for ulike tilstellingar. På den måten kan avismaterialet avspegla dagsaktuell nemningsbruk. I tillegg har me tilgjenge til diverse skrifter om ungdomslagsarbeidet i Hardanger og spelemannsrørsla. Endeleg har me intervjumateriale frå filminga i 1967 og 1982.

³ Hardanger Folkeblad 9. juni 1959

⁴ SFF, Lyd LS 5,8

⁵ Det kan nemnast at i 1959 dansar Jahn Ahlsen og Gunvor Skare Vestlandsspringar for fylkestinget som er i Odda. Det same gjer dei på Hardangerstemna i 1959. Vidare er det annonsert kurs i Vestlandsspringar i Odda i 1961, dersom interessa var stor nok.

⁶ SFF, Lyd LS 5

⁷ SFF, Lyd LS 5,8

⁸ Eg legg merke til i intervjuet frå 1967 at både Egil og eg konsekvent brukar nemninga 'springar' når me snakkar med heimelspersonane. Det kan ha verka inn på den nemningsbruken dei har. Likevel er det fleire som brukar 'spring' som nemning, også i intervjuet frå Ringøy.

Dansefestar i Sørfjorden ca. 1900 og framover

Sjølv om me manglar detaljert kunnskap, er det grunn til å tru at det var relativt faste høve då det vart arrangert festar med dans i tiåra før 1900. I eit brev frå Johannes J. Velure (1871-1942) i 1890, får me eit indirekte innsyn i tidspunkt for dansefestar. Han skriv at vinteren 1890 hadde det vore ekstra mykje dansar. Dei starta med dans i Lutro-grenda andre joledag og deretter fjerde joledag. Vidare var det fest trettendagshelga og kyndelsmesse, dvs. 2. februar. Ikkje nok med det: fjorten dagar etterpå var det nok ein dansefest. Då skriv Johannes: «Og da har her været dans nok i vinter.»⁹ Både jol, trettendagen og kyndelsmesse var nok etablerte tidspunkt for dans og fest.

I eit intervju frå 1982 med Margreta Brattespe (1895-1985) får me eit oversyn over kva høve ungdomane dansa.¹⁰ Ho hadde ungdomstida frå 1909 og utover. Det interessante er at årsmønsteret for bygdefestar var mykje det same som då eg hadde mi ungdomstid frå 1959 og utover i same området. I den vidare skriftlege framstillinga samanfattar eg difor Margretas ungdomstid frå 1909 med mi eiga frå 1959.

Jolafest. Då samlast innbyggjarane i «Bygda» (= Melands-gardane, Brattespe og Espe) til veitle i ei av dei største stovene. Dansestova vart rydda for å gje best mogeleg plass, medan dei hadde mat i ei anna stova. Det vart servert suppe og middagsmat, det var heimabrudd og sjølvsagt dans etter felemusikk. I ungdomen til Margreta vart jolafestane skipa til av gardsfolka sjølve. Seinare kom nok ungdomslaget inn, spesielt etter at dei fekk ungdomshus i 1930.

I Lofthus-grenda på 1950-talet og utover var ungdomslaget tilskipar for jolafestane på ungdomshuset Krossvoll. Det var program med lagsblad, stundom skodespel og middagsservering. I åra som eg var til stades, 1959-1968, var det dans til felemusikk med piano- eller trekkspelbasing. Kvinnene gjekk gjerne i bunad.

Kyndelsmesseveitla. Margreta fortel at dei kunne ha kyndelsmesseveitla av og til, dvs. kring 2. februar. Ho er litt usikker på om det var dei gongene dei ikkje hadde hatt jolafest. Då samlast dei på same måten som på jolafesten i ei av dei største stovene.

Sjølv har eg opplevd kyndelsmesseveitla éin eller to gonger, 1958 og/eller 1959. Denne festen vart skipa til av grannane i bearlaget Ernes-Lofthus-garden, og han vart halden på Ullensvang hotell. Gardane bidrog med matvarer som so vart laga til og servert på festen. Eg trur òg det vart brugga til denne veitla. Festen var på laurdagskvelden, og på sundagen samlast folk til snåveitla (=etterpålag, der maten skulle etast opp) på ettermiddagen. Då fekk me ungane vera med, og det var dans for alle.

Kyndelsmesseveitla¹¹ var nok i bruk fleire stader i fjorden tidleg på 1900-talet. Truleg var det grannalaget eller bearlaget i grendene som skipa til, ikkje ungdomslaga. Ei avismelding frå 1921 fortel at på Aga tok dei oppatt skikken med Kyndelsmesseveitla i 1912-1913.

⁹ "...og da har her været dans nok i vinter." Innlegg i bloggen [Jakobs bok](https://www.jakobvelure.no/?p=1361) 15. september 2015. <https://www.jakobvelure.no/?p=1361>.

¹⁰ SFF, Lyd LS 624 del 3

¹¹ Ut frå diverse kjelder kan det sjå ut til at Kyndelsmesseveitla er kjent fyrst og fremst i Hardanger.

«Alt gardsfolke og Rogdabergsfolke samla fraa 3 aar og oppyver til 77 aars alderen, og dessutan nokon innbedne. I Storstova (Lagmannsstova i Agatunet) var dekkja til 100 menneskje paa 800 aar gamle bord. Medan borni aat i Bergesstova....Etter maaltidi vart songe nokre songar, bordi vart rydda og hengde paa veggen, spelemannen Svein Lutro tok plass paa «tribunen» i ei kro av stova og so tok dansen til. Leiken vara til langt paa morgonparten. Sundag møttest grannane til middag att. Etter middag tok ungdomen til med folkeviseleik og dans att og heldt paa til ut paa kvelden. Samrødne mellom dei eldre gjekk likso livleg som dansen til ungdomen, og det saag ikkje ut til at nokon sakna korkje ølskaal eller dram som det var so rikelegt av i dei gamle kyndelsmesseleikar – fortel ein som var med, til Hardanger.»¹²

17.mai-fest. Frå ca. 1900 og utover ser det ut til at dansefest 17. mai var fast innslag i dei fleste bygdene. Etter kvart som ungdomslaga vart etablerte, var dei tilskiparar av festen. Sjølv hugsar eg innhaldet var mykje det same som på jolafestane: program med tale, skodespel, lagsblad, matsservering og dans. Felemusikk var sjølvskriven.

Haustfest. Etter at frukta var hausta inn, vart det laga til haustfest. Margreta Brattespe fortel at den festen ofte vart halden på ein naustlem i dei største nausta ved fjorden. Opplegget var det same som på jolafesten: matsservering og dans. I Lofthusbygda var haustfesten ei viktig hending det året me gjekk i 7. klasse. Då fekk me vera med på bygdefestane: haustfest, jolafest og 17. mai fordi me skulle gå for presten sommaren etterpå.

Margreta fortel at *bryllaupa* var ein viktig arena for dans. Slekt, vener og kjenningar møttest til fest og moro, gjerne over to dagar. I Espe-grenda måtte dei ro til Ullensvang kyrkje, og det var ein rotur på ca. to mil kvar veg. Både i hennar tid og i mi ungdomstid var nok felespel den vanlege musikken. Men det endra seg nok utover frå 1950-talet, då grupper med trekkspel, gitar og bass vart meir og meir vanlege.

Jonsokbryllaup. Det er heilt tydeleg at jonsokbryllaupa, der born er hovudaktørane, har spelt ei viktig rolle for danseopplæring. Margreta fortalde at i Sekse-grenda kunne jonsokbryllaupa vera nesten like store som vanlege bryllaup. Jonsokbryllaupa gjekk ofte føre seg i løebygningar; dei var tomme på den tida, før turrhøy skulle fylla løene på nytt. Vaksne hadde sjølv sagt ei viktig rolle for alt som galdt matsservering og liknande. Eit viktig kjennemerke, slik eg opplevde det på 1950-talet, var at born og vaksne var i lag utover heile kvelden og natta. Kvinnene kunne gå i bunad, det gjorde me ungane òg. Me ungane dansa med kvarandre og ikkje minst med vaksne. Slik sett var jonsokbryllaupa viktige arenaer for å læra å dansa. I Lofthus-grenda gjekk jonsokbryllaupa over to dagar og netter. På 1950-talet var det berre felemusikk til dansen. Det endra seg på 1960-talet og utover.

¹² Hardanger 21.01.2021



Jonsokbryllaup i Helleland-Eidnes-krinsen i 1919. Foto: Hardanger og Voss museum.

Margreta fortel at ungdomen kunne møtast om søndagsettermiddagane ute på ein vegstubbe, der dei dansa folkeviseleik og stundom dansa, dersom dei hadde tilgjenge på musikk, anten fele eller trekkspel. Ho understreka at fele og trekkspel ikkje var vanleg i lag, då ho var ungdom. Det er eit fenomen frå seinare tid, fortel ho.

Frå slutten av 1890-talet kom også ungdomslagsrørsla¹³ i sving, og dei årlege ungdomsstemnene var viktige møtestader for å dansa. I fjorden vart mange av ungdomslaga etablerte på 1890-talet og utover. Den fyrste tida fekk dei bruka skulehus i grendene, men tidleg kom det planar om eigne lagshus. Bygging av ungdomshus i fjorden fekk nok mykje å seia for korleis dansefestane utvikla seg. Margreta Brattespe opplevde overgangen frå dansefestar i stovehus, løer og på naustlemmar til bygdefestane i ungdomshuset, som Espe-grenda fekk i 1930. Det ser ut til 1920- og -30-åra er den perioden det kjem flest ungdomshus i distriktet.¹⁴

Ungdomshusa hadde klår innverknad på danseutøvinga. Det vart mykje betre plass for dei dansande, med tilsvarande utfordringar for spelemannen. I dei tidlegare arenaene – den gamle stova, løa eller naustlemmen – heldt det med ein spelemann. Lyden nådde fram til dei fleste. I dei større ungdomshusa streva spelemannen. Det er fortalt at Svein Lutro (1850-1929), ein mykje brukt spelemann i bryllaup og fest, «vart kipen når han fekk hjelp med takti.

¹³ Hordaland ungdomslag vart etablert i 1898. Ungdomslaga i Hardanger gjekk ut av fylkeslaget og etablerte Hardanger Ungdomslag i 1913. Ullensvang ungdomslag hadde fått eit stort ungdomshus allereie i 1901, og var på somme måtar det førande laget i distriktet. Dei hadde sommarstemne for heile Hordaland både i 1898 og 1904.

¹⁴ Her eit oversyn over somme av ungdomshusa i Hardanger: Ullensvang ungdomslag 1901, Odda ungdomslag 1908, Skare ungdomslag 1909, Ulvik ungdomslag 1910 (huset brann og nytt hus i 1934), Steinsdalen ungdomslag 1911, Øvre Granvin ungdomslag 1914, Kinsarvik ungdomslag 1920, Norheimsund ungdomslag 1920, Øystese ungdomslag 1927, Vikebygd ungdomslag 1931, Eidfjord ungdomslag 1931, Granvin ungdomslag 1931, Jondal ungdomslag 1933, Børve og Sekse ungdomslag 1934, Tørvikbygd ungdomslag 1937, Soldal og Skåre ungdomslag 1939.

Nei, du skulle ha høyrte når ho Nanna Storm sette seg med pianoet! Då kom det snugg i spelet og dansen!» (Opedal 1973, s. 138 f.).¹⁵

Ungdomshusa gjorde det òg mogeleg å skipa til laurdagsdansar, slik det vart vanleg frå slutten av 1940-talet og utover. Musikken var trekkspel-basert med gitar, bass og stundom slagverk. Ofte hadde orkestera vokalistar òg. Kanskje hadde desse dansane stordomstida si frå ca. 1950 og utover på 1970-talet. Både ungdomslaga og andre stod som tilskiparar. Dans og fest var einaste innhaldet, og dei skapte kanskje den stereotype oppfatninga om «dans på lokalet». Dansane gjekk for seg heile året med somrane som den viktigaste tida.

På folkedansområdet fekk Hardanger spelemannslag ein god del å seia etter at det vart etablert i 1948. Årleg hadde laget frå fire til åtte konsertar i distriktet fram til 1970-talet. Opplegget var konsert med medlemer i laget og dans etterpå. I konsertdelen spelte dei slåttespel. På dansen var valsaspel – gamaldans – repertoaret (Jordan, 1998). Innimellom vart det òg spelt springar og rudl, men berre som “attåt”-dans til gamaldansen. I tillegg hadde Hardanger ungdomslag i åra frå 1930-talet og utpå 1970-talet årlege leikstemner som veksla mellom dei lokale ungdomslaga. Der var medlemer av spelemannslaget sjølvsgde bidragsytarar, og springar og rudl høyrde med til repertoaret.

Frå og med seint 1950-tal vart det meir og meir vanleg å flytta seg til ulike dansefestar med bil eller båtskyss. (Kvålsvold 2022) Det innebar større mobilitet og utvida kontaktflate for å verta kjend med ulike måtar å dansa på.

Læring på gamlemåten ca. 1900 og framover

Margreta Brattespe (1895-1985) fortalde at ho truleg hadde lært runddansar av mor si.¹⁶ Elles dansa ungane med dei som var større og såg etter dei som hadde ord på til å vera gode dansarar. Herming frå person til person og dansing med ulike personar over tid var nok den vanlege opplæringsmåten.

Halldor Hauso (1899-1970) fortel at han lærte å dansa dei vanlege gamaldansane før han var konfirmert.¹⁷ Læremeister var ei tenestejente på grannegarden. Etter ho var ferdig i floren om kvelden, dansa dei på løegolv. Stundom lurde dei seg opp i skyttarhuset på laurdagskveldane for å dansa. Ho song og dei dansa. Dei lærde seg springar i lag, men ho kunne ikkje meir enn Halldor. Ungane fekk vera med på festane og dansane som var der, og då såg dei på dei som kunne. Men dei våga seg ikkje ut på dansegolv før dei var konfirmerte. – Halldor Hauso henta lærdomen av lokale dansarar, og det var truleg den vanlegaste læremåten.

¹⁵ Det var frå ein fest i ungdomshuset Krossvoll, som hadde ein sal på 94 kvadratmeter.

¹⁶ SFF, Lyd LS 624, del 3.

¹⁷ SFF, Lyd LS 5,6



Halldor Hauso og Elsa Jåstad var viktige kjelder for filminga i 1967. Foto: Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Jakob Botnen (1890-1979) frå Botnen i Fykkesund fortel at dei lærte å dansa vanleg gamaldans som ungar.¹⁸ Botnen meinte at gamaldansen vart vanleg på 1860- eller 1870-talet. Referansen er far til Jakob som var fødd i 1845. Dei såg på dei vaksne og dansa med dei. Ungane laga seg eit danselag, der dei dansa ofte, gjerne ein kvardagskveld også. Dei spelte munnspele til og heldt gjerne til i eit kammers eller i ein kjellar med tregolv. Botnen lærde seg ikkje springar får han kom til hagebruksskolen på Hjeltnes i Ulvik i 1910-11. Då lærte han springar av ein Harald Ulven frå Kristiansand. Han hadde sett dei gamle dansa springar i Botnen. Ifølgje Botnen var det ein svært enkel springar, der karane svinga jentene rundt og rundt. Det var noko heilt anna det han lærte av Ulven. Botnen lærte halling av ein Thorsrud, medan han var på hagebruksskolen i Ulvik, dessutan av ein Martin Læg Reid frå Voss.

I ungdomstida til heimelspersonane i intervjumaterialet frå 1967 og 1982 var nok både springar og rudl litt eksotiske dansar i den meining at ikkje alle dansa dei. Dei vart gjerne dansa litt ut i festen, og då var det nokre dansarar som våga seg utpå. Eit interessant trekk er at heimelspersonane kan nemna personar som dei sette høgt som springardansarar og som dei forsøkte å herma etter. Halldor Hauso hadde klare oppfatningar om god dans hjå dei han hadde sett på.

¹⁸ SFF, Lyd LS 5,8.

«Den som danste finaste, det var han Nils i Grimo, Vetle-Nils, me sa, til skilnad frå faren, han heitte og Nils, var 'kje for mannen var liten, det var ikkje det. Han danste fint, støtt, lett og gjekk og pussa kvart einaste steg, så det var stil over dansen hans. Og so er det Martin Langasæter, Martin Aga. Han danste spring, ein av dei som danste mest. Han var ein heilt annan type. Liten og lett, ljost humør så han hadde lyst til å laga litt moro, so dansen hans gjekk litt for mykje ut på å skapa moro, rett og slett. Og so hadde me ein snikkar her på garden: Torbjørn. Han danste springar. Og det karakteristiske med hans dans: Han danste meir med armane eller nevane som føtene.»¹⁹

Som nemnt, lærte Jakob Botnen springar av ein Harald Ulven frå Kristiansand. Han møtte Ulven på hagebruksskulen på Hjeltnes i Ulvik. Saman med folkehøgskular i distriktet kan hagebruksskulen i Ulvik ha vore ein arena der ungdomar frå Hardanger har lært andre dansemåtar enn dei heimlege. Dessutan hadde Hardanger på den tida innslag av mange ungdomar frå andre stader i landet. Dei kom som «drenger» og «tauser» i fruktperiodane juni-oktober. Det er sannsynleg at deira dansar og dansemåtar har kunna påverka ungdomar i Hardanger.

Eit lite vitnemål om påverknad frå andre distrikt finn me i ei soge om ein Jakop Fleskje, som enda opp på fattighuset på Hesthamar. Han vert framstilt som ein god dansar.

«Ja det var ein «svir» aa sjaa han Jakop Fleskje dansa springdans. Dansen hans var ikkje den kjende form for springdans her i fjorden, der var laant mykje, fraa Telemarkbygderne helst. Kor han hadde fenge tak i dette, veit eg ikkje, men det eg veit, er, at dansen hans hans var fint samarbeidd.»²⁰

Denne uformelle måten å læra å dansa på var nok det vanlege langt ut på 1900-talet. Sjølv lærte eg og systrene mine å dansa gamaldans av far og moster mi. Laurdagskveldane var det gamaldans på radioen, og då vart det svingom på kjøkengolvet. I tillegg hadde me jonsokbryllaupa, som var viktige læringsarenaer.

Kursopplæring i springar frå 1890- talet og framover

Me veit at det fyrste (kjende) springarkurset vart halde av Vestmannalaget i 1899. Kursleiar var ein fanejunker Flatebø²¹ frå Kvam i Hardanger. Einar Bø var med på dette kurset²². Bø fortel at fanejunkenen ikkje hadde undervisning i korleis dansen skulle utførast. Han berre tok tak i ei jente og viste korleis dei skulle gjera danserørslene. Så måtte deltakarane klara seg som best dei kunne. Etter kvart vart det slik, ifølgje Bø, at han tok over instrueringa på dette kurset. Han hadde tidlegare lært seg å dansa springar då han gjekk på lærarseminaret på Stord.

¹⁹ SFF, Lyd LS 5, 6.

²⁰ Hordalands Folkeblad 30. april 1913, signaturen L.K. - Jakob Fleskje kan ha vore ein ugift dagarbeidar som var fødd i 1827.

²¹ Isak Torgeirson Flatebø (1853-1924) frå Flatebø i Fykkesund i Kvam.

²² Intervju med Einar Bø 13.06.1967: SFF, Lyd LS 5,1.

Seinare bad Vestmannalaget Bø halda springarkrus. Han fortel då at han brukte turar som han hadde sett ulike stader og sette dei saman til ei form som han brukte på kursa sine. Seinare vart denne forma kjend som Vestlandsspringar. Det er interessant at han i intervjuet sommaren 1967 legg vekt på at i dag, dvs. på 1950- og -60-talet, legg dansarane for lite vekt på at springaren ikkje skal utførast etter eit fast mønster. Samstundes fortel han at for å kunna instruera på ein forståeleg måte, må ein bruka ei litt fastare form.

Eit interessant, tidleg døme på nemninga vestlandsspringar, finn me i eit avisbrev frå ein Magnus Vaage som var i Grimstad i 1912. Han skriv om ein korgaleik i Vigmork ungdomslag. På festen var det sjølv sagt dans.

«Ogso eit par springarar og ein gangar gjekk over tilet. Underskrivne laut syna ein vestlandsspringar paa den maaten, eg kann. Du veit eg hev vaaga meg til det stundo. Men her er dei 'kje verre paa det, enn dei let dette gaa upaatalt. Eit eldre bygdemenneskje laut fram med ein springar herifraa, ein setisdøl trødde gangaren. Og ein større flokk dansa firetur. Denne er no liksom nasjonalleiken her.»²³

I 1926 presenterer Rasmus Breistein (1890-1976) filmen "Brudeferden i Hardanger". I filmen er det scener frå eit bryllaup. Ute-scenene i bryllaupet er m.a. frå Agatunet og Ullensvang kyrkje. Interiørscenene er frå eit filmstudio i Oslo. Der vert det vist korte glimt med springardans. Dansarane er truleg frå folkedansmiljøet i Oslo, og dei korte glimta tyder på at det vart dansa Vestlandsspringar.²⁴

Brorparten av dei personane som vart filma og intervjuet i samband med innsamlinga i 1967 og 1982, hadde ikkje gått på kurs for å læra å dansa springar, rudl eller dei vanlege runddansane. Unntaket er folkeviseleik, der ungdomslaga skipa til kurs. Tidleg på 1920-talet vart det diskutert i Hardanger Ungdomslag å knyta til seg eigen leikleiar. Vinteren 1923 er det meldt om at ni ungdomslag skal ha kurs med Sigmund Espeland, som kom frå Telemark²⁵. Klara Semb, folkedanspioneren, hadde dansekurs på Lofthus både i 1929, 1931 og 1932. (jf. elles Bakka 2007, s. 497 ff).

²³ Hordaland Folkeblad 07.05.1912

²⁴ Ein kan observera sidetak, pannekakevending, kast under armen, krosstak med sideskifte og rundsnu. Filmen kan ein sjå på <https://www.youtube.com/watch?v=16mdvFZaFr0>.

²⁵ Hardanger 13.01.1923



Leikskaid på Hordatun Folkehøgskule i 1932 med Klara Semb, nr. 4 frå vestre i 2 dre rad. Tilhøgre for henne står Oddmund Reisæter, og til vestre for henne står Hjørdis Freim, Helge P. Jordal og Anna Digranes.

Klara Semb var fleire gonger på Lofthus for å halda leikskaid. Her er ho på Hardanger folkehøgskule i 1932. Faksimile frå *Odda ungdomslag 100 år: 1892-1992: bind deg ein blomokrans*. Odda 1992, s. 27.

Med tanke på at me kan dokumentera kursverksemd i springar frå slutten av 1890-talet i Bergen, er det grunn til å tru at slike kurs òg nådde Hardanger-bygdene. I alle fall har me vitnemål om det frå 1920-åra og utover. I 1920 annonserer ei fru Hølmo-Hansen, tydelegvis danselærer, at ho skal undervisa i Odda «i de samme vakre danse som i fjor, men vi skal heller ikke forkaste de gode gamle runddans, springdans, reihnlænder m.fl., de er pene naar de blir skolet, og maa ikke gaa i glemmeboken.»²⁶

Jakob Botnen fortel i intervjuet frå 1967 at han hadde springarkurs i Odda på 1920-talet.²⁷ Han fortel vidare at vestlandsspringaren var på full fart inn i opplæringsarbeidet på 1920-talet. Etter at Gudrun Botnen vart leikleiar i Hardanger ungdomslag på slutten av 1920-talet, vart det berre brukt vestlandsspringar. Me har filmopptak av Jakob Botnen frå 1967 og det viser ein springarvariant som skil seg ein god del frå dei andre variantane me filma.²⁸

Jakob Botnen er interessant i denne samanhengen av fleire årsaker. Då det i 1915 vart skipa til dansetevling i Odda, var Botnen ein av tre dansedeltakarar både i springar og halling. Han og Brita Sævareid fekk tredje premie i springar, og Jakob fekk andre premie i halling. Typisk nok for tida er det berre hallingdansen som får omtale i avisa.²⁹

²⁶ Hardanger 06.01.1920

²⁷ Annonse i Hardanger 20.04.1927

²⁸ SFF, Film 8mm 5,1-3.

²⁹ Hardanger 19. mai 1915

På 1920- og -30-talet reiser Jakob Botnen i lag med Lorentz Hop og Jon Rosenlid på spelferder, der Jakob dansar både springar og halling. Han vart dessutan brukt som instruktør i Hordaland, i Stavanger og andre stader i Rogaland.³⁰ Han var òg brukt som domar på kappleikar frå 1940-talet og utover.

Med all informasjon om kursverksemd i dans, ikkje minst i ungdomslagsrørsla, er det grunn til å tru har alle dei som vart filma i 1967 og 1982, hadde vore direkte eller indirekte i kontakt med dei danseformene som opplæringstradisjonen har formidla. I alle fall har dei sett danseformene vorte framførde på leikfestar og ungdomsstemner, sjølv om dei kanskje ikkje hadde lært å dansa på kurs.

Kurstradisjonen i sørfjordspringar – Odda-varianten

Under filming av to par frå Odda sommaren 1967, Hallstein Skare (1918-1997), Johannes Jordal (1920-1974) og Marita Aasnes (1922-2012), såg Egil og eg ein litt meir strukturert variant enn det me hadde sett av andre dansarar i Sørfjorden.³¹ Sidan det i filmlista frå 1967 vart sett opp 'sørfjordspringar' på dansen deira, må dei ha opplyst om den nemninga sjølve.

Materialet tyder på at i Odda vart det etablert ein kurstradisjon i springardans, kanskje så tidleg som på 1920-talet. Me har vitnemål om at Sjur Varberg (sjå ovanfor) nett etter krigen hadde kurs i sørfjordspringar (Jordan 1998, s. 85). Han budde i Odda rundt 1950 og var leikleiar/-rådgjevar i Hardanger ungdomslag på 1950-talet. Varberg er nemnd i fleire avisreferat på 1940- og -50-talet som kappleiks- og framsyningsdansar, ofte i lag med Marita Aasnes, ho som i 1967 dansa saman med Hallstein Skare og Johannes Jordal på filmopptaka med Sørfjordspringar. Det korte filmklippet av Sjur Varberg frå 1947 – litt spretten lausdans og samdans – viser likskap med dansen til Hallstein Skare og Johannes Jordal. (Jf. Mæland m. fl. s.).

³⁰ Intervju med Jakob Botnen. SFF Lyd, LS 5,8

³¹ SFF, Film 8mm 37 og 38.



Sjur og Solveig Varberg dansar springar på Hardangerstemna 1955 i Kinsarvik. Foto: Mittet/Nasjonalbiblioteket

I intervju med Sjur Varberg i 1982 fortel han at han lærte å dansa springar og rudl då han kom til Odda på slutten av 1940-talet.³² Då hadde han tidlegare gått på kurs hjå Gudrun Botnen i fanaspringar, men den fekk han ikkje tak på. Danse-kjelda hans i Odda er Oddmund Reisæter (1888-1973)³³. I tillegg nemner han nokre karar i Eidfjord, som var inspirasjon for lausdansen hans i springaren. Det er tydeleg at Oddmund Reisæter er sentral i opplæringssamanheng. Hallstein Skare og Karl Mæland (1930-2014) nemner Oddmund Reisæter som kjelde for springaren. Det same nemner nokre av dansarane i Vikebygd. Reisæter var sentral i leikarbeidet i Odda ungdomslag på 1930- og -40-talet saman med Helge P. Jordal (1908-1989).

Me veit òg at Hallstein Skare var instruktør i Vikebygd ungdomslag i 1977. Karl Mæland er nemnd som instruktør i Odda og i Eidfjord på 1990-talet. I 1982 vart det skipa til kurs for Hardangerringen i Eidfjord, der tema er sørfjordspringar (Karl Mæland) og eidfjordspringar (Sjur Varberg).³⁴ Så seint som i 1991 er Sjur Varberg nemnd i samband med ein Hardangerkveld i Odda, der han skal dansa springar i «Eidfjordstradisjon».³⁵

I seinare år har Jan Helge Opheim (1965-) vore sentral som pådrivar og instruktør for sørfjordspringarvarianten i Odda-tradisjon. Han har hatt Karl Mæland som si hovudkjelde, sjølv om han også har vore på kurs med Magnar Lussand og Wigdis Espeland ein gong på 1980-talet. Opheim lærte opp ei gruppe ungdomar som var aktive i ein periode, m.a. på Vestlandskappleiken i 2010 og på eit danseoppdrag i USA same året.

³² SFF, Lyd LS 624, del 2 og 3

³³ Oddmund Reisæter var frå garden Reisæter på Utne. Slo seg ned som handelsmann i Odda.

³⁴ Hardanger 27.11.1982.

³⁵ Hardanger Folkeblad 27.06.1991.

Kurstradisjonen i sørfjordspringar med Halldor Hauso som utgangspunkt

Mellom kursvariantane av sørfjordspringaren er eg sjølv ein del av utviklingsrekkja. Eg hadde lært vestlandsspringar på kurs i regi av ungdomslaget våren i 1960. Denne dansen brukte eg på framsyningar, m.a. på Ullensvang hotell somrane 1961-64. Far, som var spelemann, ville at eg skulle læra meg lokale springarvariantar som motvekt mot vestlandsspringaren, som han meinte var altfor lang og litt kunstig. Far må ha visst om sørfjordspringaren og Sjur Varberg, men eg kan ikkje hugsa at han nemnde det spesielt. Han sette meg i kontakt med Johannes K. Opedal (1917-2015) og Halldor Hauso (1899-1970), i tillegg til Elsa Jåstad (1918-2016), Astrid Frøynes (1918-1998) og andre. Eg kan ikkje hugsa nøyaktig når eg hadde kontakt med desse dansarane, men eg hugsar at me møttest i ungdomshuset Krossvoll. Det eg hugsar best, er at eg knekte «hamborgarkoden» då eg dansa med systrene Frøynes. Dette kan ha vore sommaren 1964, då me arbeidde med «Hardangerringen», eller «Frankrikingen». Det var dansarar frå heile Hardanger som hausten 1964 var på dansefestivalar i Frankrike og Belgia. I denne dansarringen vart vestlandsspringar brukt til framsyning med Dagfinn Kjosås (1944-2016) og Leiv Sandven (som dansarar).

Åra 1961-1966 gjekk eg i Øystese på statsrealskulen og på gymnaset. Då var eg med i det aktive folkedansmiljøet, der Nils Årekol (1927-2011) var ei drivkraft. Han instruerte i folkedans, dansa sjølv vestlandsspringar, var med på kappleikar både som deltakar og dommar. Vinteren 1965, sette eg saman min variant av springaren, tufta på impulsar frå Halldor Hauso og Johannes K. Opedal. Eg tok i bruk nemninga 'sørfjordspringar' i samband med Hardangerstemna i 1965³⁶ og på Landskappleiken i Bergen same året. Dansepartnar var Wigdis Espeland (1944-). Eg brukte òg nemninga på Vestlandskappleiken i Odda i 1966 og i andre samanhengar der eg dansa til framsyning, m.a. på landsstemna til Noregs Ungdomslag i Odda i 1967. Eg hadde nok høyrte om Sjur Varberg på den tida, men kan ikkje hugsa om far eller nokon av kjeldene mine brukte nemninga 'sørfjordspringar' om dansen hans.

Då Wigdis Espeland og eg tok i bruk sørfjordspringar-nemninga i 1965, visste me ikkje om variantane i Odda.

Hausten 1966 hadde eg kurs på Lofthus, og Magnar Lussand (1945-2019) og Wigdis Espeland hadde kurs i Odda. Espeland var leikleiar i Hardanger ungdomslag 1966-68. Hardanger ungdomslag skriv i årsmeldinga for 1967 at det var gjennomført 12 kurs i sørfjordspringar for born og vaksne. Halldor Hauso var våren 1967 lærar i springar for den såkalla Hardangerringen i Hardanger ungdomslag. Ringen var m.a. sentral i samband med landsstemna til Noregs ungdomslag i Odda i 1967. Jon Låte (1946-) var med på denne danselæreøkta.

I Bergen vaks det på 1970-talet fram eit dansemiljø i tilknytning til Bondeungdomslaget og studentspelemannslaget Syndebukken. Sentral der var Jon Låte. Saman med Anbjørg

³⁶ Haugesunds Dagblad 15.06.1965. I intervjuet vert det understreka at me "redda" springaren frå gløymaska.

Kolltveit (1949-) vart Jon Låte mest kjend som utøvar av sørfjordspringar i kappleiksamanheng på 1970- og 1980-talet. I seinare år har Jon Låte dansa saman med Randi Skeie (1953-) på kappleikar. Han har òg vore ei drivkraft for at dansegruppa i Sydebukken har teke opp att sørfjordspringar i lagdans på kappleikar. På kappleikar på 1980-talet var også Terje Støve (1953-) og Ragna Ringset (-) aktive. Støve har i fleire tiår dessutan stått for opplæring i sørfjordspringar for studentar på Ole Bull-akademiet.

I tillegg var Tor Henrik Mannsåker (1949-) sentral i Odda både som instruktør og leikleiar. Saman med Liv Haukanes () var han aktiv på kappleikar på 1960- og 1970-talet.

Sommeren er folkedansernes tid



Oppslag i Aftenposten 17.07.1971. Jon Låte, Annbjørg Kolltveit, Tor Henrik Mannsåker og Liv Haukanes dansar sørfjordspringar til oppvising på jubileumsstemna til Noregs Ungdomslag i 1971.

I avismaterialet går det fram at det var ein ny omgang med kurs frå tidleg 1980-tal og utover. På nytt var det Magnar Lussand og Wigdis Espeland som stod for kursa, men det var fleire andre som òg var aktive i opplæringa.

Oppsummert: I alle fall frå 1940-talet har variantar av sørfjordspringaren eksistert i kurstradisjon. Oddmund Reisæter er nemnd av fleire av Odda-dansarane som sentral i opplæringa, i alle fall på 1940-talet. Sjur Varberg er dokumentert som instruktør i Odda på 1940- og -50-talet, medan eg sjølv og Wigdis Espeland var eit startpunkt frå 1965 og utover.

Odda-lina er knytt til Varberg, Hallstein Skare, Karl Mæland og Jan Helge Opheim. Halldor Hauso-linja er knytt til meg sjølv, Wigdis Espeland, Magnar Lussand, Jon Låte, Annbjørg Kolltveit, Tor Henrik Mannsåker og Terje Støve, og spelemannslaget Syndebukken.

Hovudmønsteret i springaren

Springarformene i Hardanger-bygdene er relativt like i den meining at dei har fire hovuddelar: innleiingsdel, vendingsdel, lausdans og samdans. Eit anna kjenneteikn er at gut og jente held saman med b  e hender n  r dei dansar i vendingsdelen. Paret dansar rundt eigen akse med ulike vendingstak, som me kallar det. Etter vendingsdelen svingar guten jenta under armen ut i lausdans. Det kan gjerast p   ulike m  tar. Etter lausdansen tek paret saman i ein samdansdel, der gut og jente vender mot kvarandre, men dansar p   sida av kvarandre. Deretter tek dei oppatt ulike vendingstak f  r dei g  r ut i ny lausdans. Springarvariantane har ikkje fast avslutning, slik som i Vestlands-springaren. Paret sluttar n  r dei meiner det passar med sl  tten, eller n  r spelet sluttar.

For    gje ein enkel illustrasjon p   hovudm  nsteret kan me visa desse figurane (Norsk senter for folkemusikk og folkedans):



Innleiingsdel

Vendingstak p   veg inn i akslevendingstak

Samdansstak

Sj  lv om me kan sj   eit hovudm  nster, kan det vera stor variasjon mellom dansarane n  r det gjeld kva vendingstak dei brukar og korleis dei kombinerer ulike tak. Ogs   stegkombinasjonane kan variera ein god del fr   dansar til dansar (jf. M  land m. fl.).

Nyoppdagingar etter filmanalyse

Hovudgrunnen til at eg p   ny kom i kontakt med springarvariantane i Hardanger var at eg for nokre   r sidan vart spurd om    halda springarkurs i regi av Hardanger spelemannslag. Eg bad d   om tilgang til filmmaterialet i Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Dermed kom eg i kontakt med Siri M  land og Magni Rosvold, som var i gang med ein versjon av Bygda dansa-prosjektet i Hordaland. (Prosjektet vart sterkt prega av corona-perioden). Fr   2019 og framover har me samarbeidd om    detaljstudera filmmaterialet fr   Hardanger, med hovudvekt p   S  rfjorden. (Jf. M  land m. fl.).

Eit par observasjonar kan vera interessante når ein arbeider med filmmateriale om dans. Då eg lærte av Halldor Hauso og Johannes K. Opedal i 1964-65, såg eg dei dansa gjennom dansane, kanskje fire-fem gonger. Alt gjekk føre seg ein ettermiddag eller kveldsstund på to-tre timar. Eg prøvde sjølvsgagt å herma på staden, men hovud-bearbeidinga gjorde eg etterpå med å framkalla minnebilette. Halldor Hauso fanga interessa med ein gong fordi han hadde den mest samansette forma. Dessutan hadde han eit fotelag, der han utfordra musikken på sin eigen måte. Eg hugsar at eg var mest oppteken av steg og rytme, ikkje så mykje av kva tak gut og jente brukte. Difor la eg vekt på å laga meg ei ramme for stega, der eg varierer enkel og dobbel svikt i samspel med musikken.

Når eg no nesten 60 år seinare ser gjennom filmene med Halldor Hauso, oppdagar eg innhaldselement som eg ikkje la merke til den gongen eg sjølv lærte av han. Det heng sjølvsgagt saman med at minnebilette, tufta på nokre få framføringar, på ingen måte kan samanliknast med gjennomgang, gong på gong, av eit filmmateriale. Den forma eg fann fram til som høvande for meg i 1964-65, var ein del enklare enn dei mest kompliserte versjonane som Halldor Hauso dansa i 1967³⁷ No når eg har fått studert Halldor nærmare, har eg teke inn nokre andre element, fordi eg tykkjer dansen vert meir spennande på den måten.

Både Egil Bakka og eg var fullt klare over at kurs som ramme for danselæring, kan ha ein einsrettande verknad på dansemåtane. Når ei stor eller lita gruppe skal læra av ein eller to personar som viser og pratar i midten av ein ring, vil unekteleg fleirtalet av elevane prøva å kopiera kursleiarane så godt dei kan. Dette skjer, sølv om du som kursleiar verbalt understrekar at det du viser, berre er éin av fleire måtar å dansa på. (Jf. Bakka 1971 og Velure 1972).

Dette har eg sjølvsgagt vore merksam på i mi eiga kursverksemd. Dei seinaste to-tre åra har eg føljt ei gruppe dansarar i Hardanger. Dei møttest relativt ofte for å øva, m.a. for å delta på kappleikar i lagdans. Då er det interessant å leggja merke til at dei har frigjort seg relativt mykje frå den grunnforma som eg lærte dei for ei god stund sidan. Rekkefylgja på taka kan variera mykje, slik det kanskje er naturleg når dei er trygge i dansen. I ei læreøkt viste eg dei den mest avanserte forma til Halldor Hauso, der han legg samdanstak inn i fyrste vendingsdelen og dessutan dansar vendingsdelen medsols (Jf. Mæland m. fl.). Samstundes gjekk me gjennom eit par av dei enklare variantane. Den kompliserte varianten etter Halldor er no favoritten til dansarane, i alle fall når dei dansar kvar for seg og ikkje som lagdans.

Finst det éin Sørfjordspringar?

Spørsmålet er retorisk. Sjølvsgagt finst det ikkje éin Sørfjordspringar i meininga at det er éin fast måte å dansa springar på i Sørfjord-bygdene. Nemninga dukkar opp på 1940-talet i samband med kappleikar og kappdans i ungdomslagssamanheng. Funksjonen var/er å skilja dansen frå springarvariantar frå andre bygdelag (jf. Velure 2023, s. 17). Resultatet er

³⁷ Det er i alt fem ulike springarframføringar med Halldor Hauso på to ulike stader og datoar. SFF, film 8 mm, 23,1; 24,1; 25,1; 26,1; 48,1.

stundom at det veks fram førestillingar om at kvart distrikt eller kvart bygdela har sin «eigen» dansemåte som er spesiell og «fast» for distriktet og bygdela. Det er sjølvstendig ein rein konstruksjon. Innsamlinga i 1967 og alle seinare møte med springardans har overtydd meg om at i den monn det finst «faste» former, er det enkelt-individ som står for dei. Og filmmaterialet viser i tillegg at enkelt-individa kan dansa til dels svært ulikt frå gong til gong. Materialet viser at innanfor ei romsleg hovudramme er det relativt stor variasjonsrikdom. Eg vil hevda at dansarane brukar av eit meir eller mindre fast arsenal av tak, steg og rytme-mønster og formar dansen sin med det som utgangspunkt, gjerne ulikt frå gong til gong. Dansepartnar og slåttan spelar sjølvstendig også stor rolle for korleis du legg opp dansen. Utforminga og utføringa er ei ein-gongs-hending som skjer der og då, og som so er borte for alltid. I beste fall lever augneblinken vidare som minnebilet hjå nokon. Sjeldne gonger lever hendinga vidare som ein «frosen» augneblink på film eller video. Hadde me revitalisert springarformer frå Sørfjorden i dag, hadde me sjølvstendig kalla det springar(variant) frå Sørfjorden.

Litteratur

Bakka 1971. Egil Bakka, Danse, danse lett utpå foten. 1971

Bakka 1973. Springar, gangar, rull og pols. Hovudliner i eldre norsk folkedans-tradisjon. Magistergradsoppgåve, UiO 1973.

Bakka 2007. Egil Bakka, Folkedansspesialistane – Noreg. Egil Bakka & Gunnel Biskop (red.), *Norden i dans – folk, fag, forskning*. 2007.

Bakka m. fl. 1988. Egil Bakka, Aud Laingen Hamre og Wigdis Espeland, Spring frå Sørfjorden. Utkast til nedteikning. 1988

Bjørngaas 1943. Knut Bjørngaas, Or gommol ti. 1 Ævuntur å segne å stubba tao Vossastrond'ne. 1943.

Jordan 1988. Arne Jordan, Hardanger spelemannslag 50 år. 1948-1988. 1988

Kvålsvold 2022. Oddbjørn Kvålsvold, Bygdefestar i Hardanger. *Hardanger historielag. Årbok 2022*.

Mæland m. fl.: Siri Mæland, Magni Rosvold, Magne Velure, Springarvariantar frå Sørfjorden i Hardanger. Mønster og variasjon i eit filmmateriale. *Under publisering*.

Opedal 1973. Halldor O. Opedal, Folk or gamal tid: folkeminne frå Hardanger 2. 1973.

Velure 1972. Magne Velure, Levande dansetradisjon eller stagnasjon og kopiering. Folkedans som folklorisme-fenomen. *Tradisjon nr. 2*, 1972

Velure 2023. Magne Velure, Glimt frå folkedanshistoria i Noreg. Bloggen *Jakobs bok*, <https://www.jakobvelure.no/glimt-fra-folkedanshistoria-pa-1800-talet/> 2023.